



NORWEGIAN A1 – HIGHER LEVEL – PAPER 1
NORVÉGIEN A1 – NIVEAU SUPÉRIEUR – ÉPREUVE 1
NORUEGO A1 – NIVEL SUPERIOR – PRUEBA 1

Tuesday 21 May 2002 (afternoon)
Mardi 21 mai 2002 (après-midi)
Martes 21 de mayo de 2002 (tarde)

2 hours / 2 heures / 2 horas

INSTRUCTIONS TO CANDIDATES

- The Bokmål version is followed by the Nynorsk version.
- Do not open this examination paper until instructed to do so.
- Choose either the Bokmål version or the Nynorsk version.
- Write a commentary on one passage only.

INSTRUCTIONS DESTINÉES AUX CANDIDATS

- La version en Bokmål est suivie de la version en Nynorsk.
- Ne pas ouvrir cette épreuve avant d'y être autorisé.
- Choisir ou la version en Bokmål ou la version en Nynorsk.
- Rédiger un commentaire sur un seul des passages.

INSTRUCCIONES PARA LOS ALUMNOS

- La versión en Bokmål es seguida por la versión en Nynorsk.
- No abra esta prueba hasta que se lo autoricen.
- Elija la versión en Bokmål o la versión en Nynorsk.
- Escriba un comentario sobre un solo fragmento.

NORWEGIAN A1 – BOKMÅL VERSION
NORVÉGIEN A1 – VERSION EN BOKMÅL
NORUEGO A1 – VERSIÓN EN BOKMÅL

Skriv en kommentar til **en** av de følgende tekstene:

1. (a)

Rommet innanfor

- Etter at eg svinga ut frå metroen, måtte eg kryssa to gater for å komma over på fortauet oppover langs Luchana. Der Fuencarral munnar ut på Plaza de Bilbao, fekk eg raudt lys då eg var kommen ein meter ut i gata, vart pressa tilbake på fortauet av bilane som passerte, og gav meg tålmodig til å venta. I dei mørke vindaugo til blomsterforretninga på den andre
- 5 sida av gata såg eg tydeleg spegelbiletet mitt, gjorde eit kast med hovudet for å få luggen på plass før eg let blikket gli vidare ut over den folketomme plassen og opp på den klåre nattehimmelen. Eg lukka augo, la hovudet bakover og støa kroppen makeleg mot lysstolpen. Då eg opna augo att for å sjå om lyset hadde skifta, fall blikket mitt tilfeldig på spegelbiletet i butikkvindauga. Det gjekk eit rykk gjennom kroppen min med det same:
- 10 Biletet mitt stod ikkje som eg stødd mot lysstolpen. Det hadde retta seg opp og stod med hovudet bøygd ørlite framover medan det stirte vantru ned på dei opne hendene sine. Så tok skapnaden til å snu på seg. Forsiktig, sakte dreia han seg rundt; eg kjende tydeleg att min eigen rygg og min eigen nakke i figuren som teikna seg over blomane i forretningsglaset. Biletet gjorde ei full omdreining, stoppa så, såg opp, såg meg inn i augo.
- 15 Ukjende augo, blikket til ein framand stirte meg i møte frå mitt eige bilete. Slik stod vi urørlege i fleire minuttar. Skapnaden i vindauga gjorde brått ein finte mot venstre; kroppen min svara momentant med ei motsett rørsle, men før eg visste ordet av det la skapnaden på sprang oppover gjennom butikkvindaugo på Fuencarral. Eg følgde etter så godt eg kunne på det motsette fortauet, såg skapnaden tydeleg då han passerte vindaugo til eit par barar.
- 20 Så vart han så godt som borte i det han fór framom dei opplyste kontorvindaugo til IBM. Eg såg han først att i utstillingsglasa til ein bokhandel nesten oppe ved Plaza de Quevedo, men den siste butikken før hjørnet var ei elektrisk forretning, og blant dei blenkjande kjøleskåpa og fjernsynsmottakarane vart han borte på ny. Det einaste sannsynlege var at han hadde teke den første tverrgata, så eg kryssa Fuencarral for å komma over på det same
- 25 fortauet som han oppover langs Eloy Gonzalo. Heilt oppe ved den neste tverrgata tok eg han att. Han stod bøygd framover i vindauga til ei jernvareforretning og pusta ut, tydeleg utmødd etter springmarsjen. Då han såg meg, retta han seg opp, og augo våre møttest endå ein gong. Eg freista å halda dei fast, som for med medvitet å binda biletet til kroppen min på ny. Biletet rista berre trøyt på hovudet, snudde seg bort og la på sprang att; svinga nitti
- 30 grader og følgde vindaugo ned den første tverrgata. Eg sprang etter, tenkte vilt at det kan henda var hjelp i å seia noko, *ropa* biletet tilbake, då eg brått vart vår at gata var ei blindgate. I enden ruvde eit stort, tillukka hus, i første etasje ei enorm glastrute, svart som himmelen over oss. Bakanfor var ingenting å sjå. Skapnaden nådde ruta medan eg var eit par meter ifrå, og då eg kom fram og pressa andlet og hender mot det kalde og tomme
- 35 glaset, såg eg berre baksida av mitt eige bilete springa lydløst innover i mørkret, verta mindre og mindre som eit fjernsynsbilete når apparatet vert slått av, og til slutt kverva heilt i seg sjølv gjennom eit usynleg punkt langt der inne.

Fra *Den hemmelege jubel* (1970) av Kjartan Fløgstad

1. (b)

Fugleskremsel

Det står en død mann i hagen.
Jeg er sikker på at han er død, for han er
hvit som nyperosene, han puster ikke,

han svarer ikke når jeg snakker til ham.
5 Jeg har lagt hånden på brystet hans
for å kjenne hjerteslagene, men han var kald

og full av gule nåler. Han står helt stille
med øynene åpne og armene strakt i været.
En levende mann kunne ikke gjort det

10 i tyve minutter, men han holder ut
dag etter dag, rak i ryggen, leende
som en kinesisk mumie.

Hvis han ikke hadde vært så stygg,
hvis han ikke hadde vært korsfestet
15 ville han ha vært mer menneskelig,

men det er tryggere å ha ham slik; stum
og kledt i en flekkete drakt, som en
sjelden sommerfugl man er stolt av å eie.

Han rømmer ikke, han forteller ingen historier.
20 Vi kan stole på det; vi har selv
hengt ham opp.

Fra *Morderleken* (1981) av Øystein Wingaard Wolf

NORWEGIAN A1 – NYNORSK VERSION
NORVÉGIEN A1 – VERSION EN NYNORSK
NORUEGO A1 – VERSIÓN EN NYNORSK

Skriv ein kommentar til **ein** av dei følgjande tekstane:

1. (a)

Rommet innanfor

- Etter at eg svinga ut frå metroen, måtte eg kryssa to gater for å komma over på fortauet oppover langs Luchana. Der Fuencarral munnar ut på Plaza de Bilbao, fekk eg raudt lys då eg var kommen ein meter ut i gata, vart pressa tilbake på fortauet av bilane som passerte, og gav meg tålmodig til å venta. I dei mørke vindaugo til blomsterforretninga på den andre
- 5 sida av gata såg eg tydeleg spegelbiletet mitt, gjorde eit kast med hovudet for å få luggen på plass før eg let blikket gli vidare ut over den folketomme plassen og opp på den klåre nattehimmelen. Eg lukka augo, la hovudet bakover og støa kroppen makeleg mot lysstolpen. Då eg opna augo att for å sjå om lyset hadde skifta, fall blikket mitt tilfeldig på spegelbiletet i butikkvindauga. Det gjekk eit rykk gjennom kroppen min med det same:
- 10 Biletet mitt stod ikkje som eg stødd mot lysstolpen. Det hadde retta seg opp og stod med hovudet bøygd ørlite framover medan det stirte vantru ned på dei opne hendene sine. Så tok skapnaden til å snu på seg. Forsiktig, sakte dreia han seg rundt; eg kjende tydeleg att min eigen rygg og min eigen nakke i figuren som teikna seg over blomane i forretningsglaset. Biletet gjorde ei full omdreining, stoppa så, såg opp, såg meg inn i augo.
- 15 Ukjende augo, blikket til ein framand stirte meg i møte frå mitt eige bilete. Slik stod vi urørlege i fleire minuttar. Skapnaden i vindauga gjorde brått ein finte mot venstre; kroppen min svara momentant med ei motsett rørsle, men før eg visste ordet av det la skapnaden på sprang oppover gjennom butikkvindaugo på Fuencarral. Eg følgde etter så godt eg kunne på det motsette fortauet, såg skapnaden tydeleg då han passerte vindaugo til eit par barar.
- 20 Så vart han så godt som borte i det han fór framom dei opplyste kontorvindaugo til IBM. Eg såg han først att i utstillingsglasa til ein bokhandel nesten oppe ved Plaza de Quevedo, men den siste butikken før hjørnet var ei elektrisk forretning, og blant dei blenkjande kjøleskåpa og fjernsynsmottakarane vart han borte på ny. Det einaste sannsynlege var at han hadde teke den første tverrgata, så eg kryssa Fuencarral for å komma over på det same
- 25 fortauet som han oppover langs Eloy Gonzalo. Heilt oppe ved den neste tverrgata tok eg han att. Han stod bøygd framover i vindauga til ei jernvareforretning og pusta ut, tydeleg utmødd etter springmarsjen. Då han såg meg, retta han seg opp, og augo våre møttest endå ein gong. Eg freista å halda dei fast, som for med medvitet å binda biletet til kroppen min på ny. Biletet rista berre trøyt på hovudet, snudde seg bort og la på sprang att; svinga nitti
- 30 grader og følgde vindaugo ned den første tverrgata. Eg sprang etter, tenkte vilt at det kan henda var hjelp i å seia noko, *ropa* biletet tilbake, då eg brått vart vår at gata var ei blindgate. I enden ruvde eit stort, tillukka hus, i første etasje ei enorm glastrute, svart som himmelen over oss. BAKANFOR var ingenting å sjå. Skapnaden nådde ruta medan eg var eit par meter ifrå, og då eg kom fram og pressa andlet og hender mot det kalde og tomme
- 35 glaset, såg eg berre baksida av mitt eige bilete springa lydløst innover i mørkret, verta mindre og mindre som eit fjernsynsbilete når apparatet vert slått av, og til slutt kverva heilt i seg sjølv gjennom eit usynleg punkt langt der inne.

Frå *Den hemmelege jubel* (1970) av Kjartan Fløgstad

1. (b)

Fugleskremsel

Det står en død mann i hagen.
Jeg er sikker på at han er død, for han er
hvit som nyperosene, han puster ikke,

han svarer ikke når jeg snakker til ham.
5 Jeg har lagt hånden på brystet hans
for å kjenne hjerteslagene, men han var kald

og full av gule nåler. Han står helt stille
med øynene åpne og armene strakt i været.
En levende mann kunne ikke gjort det

10 i tyve minutter, men han holder ut
dag etter dag, rak i ryggen, leende
som en kinesisk mumie.

Hvis han ikke hadde vært så stygg,
hvis han ikke hadde vært korsfestet
15 ville han ha vært mer menneskelig,

men det er tryggere å ha ham slik; stum
og kledd i en flekkete drakt, som en
sjelden sommerfugl man er stolt av å eie.

Han rømmer ikke, han forteller ingen historier.
20 Vi kan stole på det; vi har selv
hengt ham opp.

Frå *Morderleken* (1981) av Øystein Wingaard Wolf